

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for næring</b>
<b>Møtestad:</b>	Digitalt
<b>Dato:</b>	10.12.2021
<b>Tid:</b>	09:00-10.20

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tor André Ljosland	Leiar	KRF
Sigrid Brattabø Handegard	Nestleiar	SP
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Jana Midelfart-Hoff	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Karl Vågstøl	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Terje Søviknes	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Erlend Haugen Herstad		SP
Eirik Haga		A
Tom Legdani Hiis Bergh		V

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering
Endre Høgalmen	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Ingrid Birkelund	Seksjonsleiar for stad innovasjon og næringsutvikling
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Sølve Sondbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Anne Koch Grønlien	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 26/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 27/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 17.11.2021	2020/77170	
GK 28/21	Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i hovudutval for næring 26.11.2021	2020/77170	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 81/21	Fråsegn til revisjonsdokument for Evanger Kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget	2020/34750	
PS 82/21	Høyring av revisjonsdokument for Bergsdalsvassdraget og Torfinnvassdraget	2020/40225	
PS 83/21	Høyring av revisjonsdokument for Steinslands-/Modalsvassdraget	2020/34760	
PS 84/21	Tiltakspakke reiseliv 2022 - tildeling av midlar til destinasjonsselskapa	2021/42650	
PS 85/21	Innsatsområde og økonomiske disponeringar	2020/72391	
PS 86/21	Tilskot til prosjekt. Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 2021). Runde 2 frist 15.oktober	2021/54161	
PS 87/21	Høyring av forslag om etablering av ei ny ordning for tildeling av løyve til akvakultur med laksefisk til miljøteknologiformål	2021/50957	
PS 88/21	Strategi for handtering av skrantesjuke (CWD) på Hardangervidda	2021/18109	

## Godkjenningssaker

### GK 26/21 Godkjenning innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021

Innkalling og sakliste var godkjent utan merknadar.

GK 27/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 17.11.2021

#### Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 10.12.2021

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 17.11.21 vart godkjent utan merknadar.

### GK 28/21 Godkjenning av møteprotokoll frå ekstramøte i hovudutval for næring 26.11.2021

#### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 26.11.21 vart godkjent utan merknadar.

## Politiske saker

### PS 81/21 Fråsegn til revisjonsdokument for Evanger Kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.
2. NVE må stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.
3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Eksingedalsvassdraget:
  - Slepp av minstevassføring frå Askjelldalen og Grøndalen. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justera for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.
  - Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
  - Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Lavik, Flatekval, Bergo, og eventuelt andre stader i elva.
  - Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
  - Utprøving av auka minstevassføring frå Nesedammen for å betra tilhøva for laksen i nedre del av Ekso. I tillegg må planen om passasje for laksen forbi Høsefossen gjennomførast for å auka oppvekstområdet opp forbi Eikemo.
  - Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
4. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Teigdalsvassdraget:

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Føreslått minstevassføring frå Norce på minimum 400 l/s for må kvalitetssikrast av anna forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein auka produksjon av fisk i elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføringa må målast fleire stader i elva. Minimum i Kråkefossen og på Mestad.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av Mestadvatnet og eventuelt andre stader for å gjenoppretta sirkulasjon i vatnet.

5. Fylkeskommunen ber om at det utgreiast og etablerast nytt, eller nye, vassinntak høgt i reguleringsmagasina til Evanger kraftverk. Dette for å få ein meir naturleg vassstemperatur i Bolstadelva og dermed meir naturleg smoltproduksjon.

6. Fylkeskommunen ber om at problem knytt til reguleringa sitt vassregime utgreiast med omsyn til auka ferskvassinnhald i Bolstadfjorden. Vi ber om vurdering av senking av terskel på Straume i Vaksdal med omsyn på flaum og ynske om meir vassutskifting i fjorden.

7. Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

8. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.

9. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsveggar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021**

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i BKK. Hestetun gjekk frå under spørsmålet om ho var inhabil. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Hestetun var inhabil etter fvl. § 6 fyrste ledd bokstav e nr. 2. Hestetun gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Eirik Haga (A)** stilte spørsmål kring eigen habilitet, då han medverkar til administrativ behandling i ei sak i Vaksdal kommune med same saksforhold. Haga gjekk frå under spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Haga var habil. Haga tiltredde saksbehandlinga.

**Noralv Distad (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Tiltak for å nå miljømål må vegast opp mot konsekvensane for kraftproduksjon. Det vert difor lagt til grunn at NVE gjer grundige kost-nytte vurderingar av framlegg til tiltak.»

**Terje Søviknes (FrP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3:

3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Eksingedalsvassdraget:

- Slepp av minstevassføring frå Askjelldalen og Grøndalen. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justera for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Regulannten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Lavik, Flatekval, Bergo, og eventuelt andre stader i elva.
- Regulannten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
- ~~Utprøving av auka minstevassføring frå Nasedammen for å betra tilhøva for laksen i nedre del av Ekso. I tillegg må planen om passasje for laksen forbi Høsefossen gjennomførast for å auka oppvekstområdet opp forbi Eikemo.~~
- Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.»

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegne av A, MDG, Sp, SV, V og KrF fram slikt forslag:

« Tillegg:

- Administrasjonen søker NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.februar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022)
- Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022.»

### **Avrøysting**

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FrP, H, U) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 6 røyster (FrP, H, U).

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa. Tiltak for å nå miljømål må vegast opp mot konsekvensane for kraftproduksjon. Det vert difor lagt til grunn at NVE gjer grundige kost-nytte vurderingar av framlegg til tiltak.

2. NVE må stille krav om at det vert gjort ei kartlegging av eksisterande kulturminneverdiar og oppfølgande kulturminneregistrering i revisjonsområdet.

3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Eksingedalsvassdraget:

- Slepp av minstevassføring frå Askjelldalen og Grøndalen. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justera for å få optimale tilhøve for livet i vatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Ein slik prøveperiode vil gje eit mykje meir nøyaktig reknestykke for tapte kraftinntekter i eit klima i endring.

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Regulannten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Lavik, Flatekval, Bergo, og eventuelt andre stader i elva.

- Regulannten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.

- Utprøving av auka minstevassføring frå Nasedammen for å betra tilhøva for laksen i nedre del av Ekso. I tillegg må planen om passasje for laksen forbi Høsefossen gjennomførast for å auka oppvekstområdet opp forbi Eikemo.

- Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.

4. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Teigdalsvassdraget:

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Føreslått minstevassføring frå Norce på minimum 400 l/s for må kvalitetssikrast av anna forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein auka produksjon av fisk i elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføringa må målast fleire stader i elva. Minimum i Kråkefossen og på Mestad.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av Mestadvatnet og eventuelt andre stader for å gjenoppretta sirkulasjon i vatnet.

5. Fylkeskommunen ber om at det utgreiast og etablerast nytt, eller nye, vassinntak høgt i reguleringsmagasina til Evanger kraftverk. Dette for å få ein meir naturleg vass temperatur i Bolstadelva og dermed meir naturleg smoltproduksjon.

6. Fylkeskommunen ber om at problem knytt til reguleringa sitt vassregime utgreiast med omsyn til auka ferskvassinnhald i Bolstadvatnet. Vi ber om vurdering av senking av terskel på Straume i Vaksdal med omsyn på flaum og ynske om meir vassutskifting i fjorden.

7. Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

8. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.

9. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsveggar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.

10. Administrasjonen søkjer NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.februar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022).

11. Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022.

## **PS 82/21 Høyring av revisjonsdokument for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget**

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.

2. Vestland fylkeskommune ber om at NVE tileignar vekt til ev. innspel med fokus på å ivareta og formidle historia rundt dei gamle kraftindustrianlegga knytt til Bergsdalsvassdraget. Større og mindre tiltak på og i nærføring til kraftindustrianlegga, skal leggast føre kulturminnestyresmaktene for nærare uttale.

3. Vestland fylkeskommune føreslår følgjande tiltak i Bergsdalsvassdraget:

- Slepp av minstevassføring frå Hamlagrovatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet.

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Rødland, Lid og eventuelt andre stader i elva.

- Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam som har oppstått i samband med reguleringa.

4. Vestland fylkeskommune foreslår at minstevassføring aukast til minst 5 m<sup>3</sup> i nedre del av Daleelva nedanfor Dale kraftverk, i tråd med krav frå Dale jakt og fiskarlag. Minstevassføringa frå Storefossen, som i dag er på 300 l/s, må òg aukast.

5. Foreslåtte minstevassføringar frå regulanten må kvalitetssikrast av fleire forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein forbetra produksjon av fisk i elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter.

6. Det bør leggjast til rette for turløype på sørsida av vassdraget frå Bergsøyane til Småbrekke. For å få dette til trengst ei bru nedst i Oddmundsdalen før elva renn inn Bergsvatnet. I tillegg må det lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.

7. Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartlegge kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

8. Etter Vestland fylkeskommune sitt skjønn må regulanten sit forslag, om å endra reguleringa med 2 m lågare sommarvass-stand i Hamlagrøvatnet, sjåast opp imot det å då kunne sleppa minstevassføring frå Hamlagrøvatnet og vidare nedover i vassdraget. Berre dersom dette gjev både auka kraftgevinst og minstevassføring, kan dette vera eit aktuelt tiltak.

9. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021**

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i BKK. Hestetun gjekk frå under spørsmålet om ho var inhabil. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Hestetun var inhabil etter fvl. § 6 fyrste ledd bokstav e nr. 2. Hestetun gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Eirik Haga (A)** stilte spørsmål kring eigen habilitet, då han medverkar til administrativ behandling i ei sak i Vaksdal kommune med same saksforhold. Haga gjekk frå under spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Haga var habil. Haga tiltredde saksbehandlinga.

**Noralv Distad (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1

Tiltak for å nå miljømål må vegast opp mot konsekvensane for kraftproduksjon. Det vert difor lagt til grunn at NVE gjer grundige kost-nytte vurderingar av framlegg til tiltak.»

**Terje Søviknes (FrP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3 og 4

3. Vestland fylkeskommune foreslår følgjande tiltak i Bergsdalsvassdraget:

- Slepp av minstevassføring frå Hamlagrøvatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år før så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet.

- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Rødland, Lid og eventuelt andre stader i elva.

-Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam som har oppstått i samband med reguleringa.

4. Vestland fylkeskommune foreslår at minstevassføring aukast til minst 5 m<sup>3</sup> i nedre del av Daleelva nedanfor Dale kraftverk, i tråd med krav frå Dale jakt og fiskarlag. ~~Minstevassføringa frå Storefossen, som i dag er på 300 l/s, må òg aukast.~~ **Vestland fylkeskommune stor auka dynamisk slepp på 500 l/s frå Storefossen.»**

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegne av A, MDG, Sp, SV, V og KrF fram slikt forslag:

« Tillegg

- Administrasjonen søker NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.februar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022)
- Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022.»

### **Avrøysting**

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FrP, H, U) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 5 røyster (FrP, H).

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa. Tiltak for å nå miljømål må vegast opp mot konsekvensane for kraftproduksjon. Det vert difor lagt til grunn at NVE gjer grundige kost-nytte vurderingar av framlegg til tiltak.
2. Vestland fylkeskommune ber om at NVE tileignar vekt til ev. innspel med fokus på å ivareta og formidle historia rundt dei gamle kraftindustrianlegga knytt til Bergsdalsvassdraget. Større og mindre tiltak på og i nærføring til kraftindustrianlegga, skal leggest føre kulturminnestyresmaktene for nærare uttale.
3. Vestland fylkeskommune foreslår følgjande tiltak i Bergsdalsvassdraget:
  - Slepp av minstevassføring frå Hamlagrøvatnet. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter. Minstevassføring bør prøvast ut i ein periode på 5-10 år for så å kunna justerast for å få optimale tilhøve for livet i vatnet.
  - Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
  - Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader ved Rødland, Lid og eventuelt andre stader i elva.
  - Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam som har oppstått i samband med reguleringa.
4. Vestland fylkeskommune foreslår at minstevassføring aukast til minst 5 m<sup>3</sup> i nedre del av Daleelva nedanfor Dale kraftverk, i tråd med krav frå Dale jakt og fiskarlag. ~~Minstevassføringa frå Storefossen, som i dag er på 300 l/s, må òg aukast.~~
5. Foreslåtte minstevassføringar frå regulanten må kvalitetssikrast av fleire forskingsorgan for å vera sikker på at vassbehovet er dekkja for å få ein forbetra produksjon av fisk i elva. Ein må ta utgangspunkt i vanleg lågvassføring sommar og vinter.
6. Det bør leggjast til rette for turløype på sørsida av vassdraget frå Bergsøyane til Småbrekke. For å få dette til trengst ei bru nedst i Oddmundsdalen før elva renn inn Bergsvatnet. I tillegg må det lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
7. Vestland fylkeskommune ynskjer at det vert gjort målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.



8. Etter Vestland fylkeskommune sitt skjønn må regulanten sit forslag, om å endra reguleringa med 2 m lågare sommarvass-stand i Hamlagrøvatnet, sjåast opp imot det å då kunne sleppa minstevassføring frå Hamlagrøvatnet og vidare nedover i vassdraget. Berre dersom dette gjev både auka kraftgevinst og minstevassføring, kan dette vera eit aktuelt tiltak.

9. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.

10. Administrasjonen søker NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.februar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022).

11. Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022

## PS 83/21 Høyring av revisjonsdokument for Steinslands-/Modalsvassdraget

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune rår til følgjande tiltak i vassdraget:

- NVE må vektleggje fråsegna frå kommunane, grunneigarlag og organisasjonar som er råka av reguleringa. Dette omfattar:
  - a) Det må gjerast tiltak som hindrar smolten i å fylgje vasstraumen inn til kraftverka.
  - b) Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Hellandsfossen av omsyn til fiskevandringa.
  - c) Fisketrappa må vere open heile året for å sikre ei trygg nedvandring for fisken.
  - d) Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverksutlaupet.
  - e) Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekninga Helland - Mo.
  - f) Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha ein viss frekvens.
  - g) Det bør setjast i gong kultiveringstiltak for å ivareta sjøaurestamma i vassdraget.
  - h) Det bør gjerast tiltak for å hindre spreiding av artar mellom vassdrag. Overvaking og tiltak for å fjerne ikkje-tilhøyrande artar bør prioriterast.
  - i) Modalen kommune ynskjer at temperaturen i Modalsvassdraget skal følgje dei naturlege svingingane gjennom året. I dag kjem kaldt vatn frå botnen av Stølsvatnet som gjer at vatnet i elva er kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Tiltak må gjerast for å utbetre dette.
- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader stader i elva.
- Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
- Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
- Det må gjerast målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.
- Ein må gjera tiltak for å få fisketrappa i Hellandsfossen til å fungera slik at ein får laks heilt opp til Steinslandsvatnet slik ein har forutsett med kalking av elva og reetablering av laksestamma.

2. Vestland fylkeskommune ber NVE stille krav om at det vert gjort ei kulturminneregistrering i revisjonsområdet. Ei slik registrering vil omfatta kulturminne på land og kulturminne som er neddemt/under vatn.

3. Vestland fylkeskommune ber om at laksetrappa og mest mogeleg av det teknisk-industrielle kulturmiljøet knytt til Hellandsfossen vert bevart, og følgt opp konstruktivt i konsesjonsvurderinga til NVE.

4. Vestland fylkeskommune ber om at NVE legg til rette for vidare dialog mellom konsesjonshavar og kulturminnemynda for å få avklart kulturminneverdiane i konsesjonsområdet.

5. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.

6. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsveggar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.

#### **Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021**

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i BKK. Hestetun gjekk få under spørsmålet om ho var inhabil. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Hestetun var inhabil etter fvl. § 6 fyrste ledd bokstav e nr. 2. Hestetun gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Eirik Haga (A)** stilte spørsmål kring eigen habilitet, då han medverkar til administrativ behandling i ei sak i Vaksdal kommune med same saksforhold. Haga gjekk frå under spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at Haga var habil. Haga tiltredde saksbehandlinga.

**Noralv Distad (H)** sette fram slikt forslag:

« Alternativ innleiing punkt 1

Vestland fylkeskommune ber NVE vektleggje fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av utbygginga. Tiltak for å nå miljømål må vegast opp mot konsekvensane for kraftproduksjon. Det vert difor lagt til grunn at NVE gjer grundige kost-nytte vurderingar av framlegg til tiltak. Vestland fylkeskommune føreslår.....»

**Terje Søviknes (FrP)** sette fram slikt forslag:

« Alternativ punkt 1

1. Vestland fylkeskommune rår til følgjande tiltak i vassdraget:

NVE må vektleggje fråsegna frå kommunane, grunneigarlag og organisasjonar som er råka av reguleringa. Dette omfattar:

- a) Det må gjerast tiltak som hindrar smolten i å fylgje vasstraumen inn til kraftverka.
- b) Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Hellandsfossen av omsyn til fiskevandringa.
- c) Fisketrappa må vere open heile året for å sikre ei trygg nedvandring for fisken.
- d) Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverksutlaupet.
- e) Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekninga Helland - Mo.
- f) Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha ein viss frekvens.
- g) Det bør setjast i gong kultiveringstiltak for å ivareta sjøaurestamma i vassdraget.
- h) Det bør gjerast tiltak for å hindre spreieing av artar mellom vassdrag. Overvaking og tiltak for å fjerne ikkje-tilhøyrande artar bør prioriterast.
- i) Modalen kommune ynskjer at temperaturen i Modalsvassdraget skal følgje dei naturlege svingingane gjennom året. I dag kjem kaldt vatn frå botnen av Stølsvatnet som gjer at vatnet i elva er kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Tiltak må gjerast for å utbetre dette.

- Reguleranten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader stader i elva.
- Reguleranten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
- Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
- Det må gjerast målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.
- Ein må gjera tiltak for å få fisketrappa i Hellandsfossen til å fungera slik at ein får laks heilt opp til Steinslandsvatnet slik ein har forutsett med kalking av elva og reetablering av laksestamma.»

**Kine Bratli Dale (A)** sette på vegne av A, MDG, Sp, SV, V og KrF fram slikt forslag:

« Tillegg

- Administrasjonen søker NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.februar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022).
- Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022.»

### **Avrøysting**

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (FrP, H, U) og fall.  
 Innstillinga vart vedteke mot 6 røyster (FrP, H, U).  
 Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
 Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Vestland fylkeskommune rår til følgjande tiltak i vassdraget:

NVE må vektleggje fråsegnane frå kommunane, grunneigarlag og organisasjonar som er råka av reguleringa. Dette omfattar:

- a) Det må gjerast tiltak som hindrar smolten i å fylgje vasstraumen inn til kraftverka.
- b) Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Hellandsfossen av omsyn til fiskevandringa.
- c) Fisketrappa må vere open heile året for å sikre ei trygg nedvandring for fisken.
- d) Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverksutlaupet.
- e) Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekninga Helland - Mo.
- f) Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha ein viss frekvens.
- g) Det bør setjast i gong kultiveringstiltak for å ivareta sjøaurestamma i vassdraget.
- h) Det bør gjerast tiltak for å hindre spreining av artar mellom vassdrag. Overvaking og tiltak for å fjerne ikkje-tilhøyrande artar bør prioriterast.
- i) Modalen kommune ynskjer at temperaturen i Modalsvassdraget skal følgje dei naturlege svingingane gjennom året. I dag kjem kaldt vatn frå botnen av Stølsvatnet som gjer at vatnet i elva er kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Tiltak må gjerast for å utbetre dette.

- Regulanten må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrodde stader stader i elva.
  - Regulanten må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
  - Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
  - Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
  - Det må gjerast målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.
  - Ein må gjera tiltak for å få fisketrappa i Hellandsfossen til å fungera slik at ein får laks heilt opp til Steinslandsvatnet slik ein har forutsett med kalking av elva og reetablering av laksestamma.
2. Vestland fylkeskommune ber NVE stille krav om at det vert gjort ei kulturminneregistrering i revisjonsområdet. Ei slik registrering vil omfatta kulturminne på land og kulturminne som er neddemt/under vatn.
  3. Vestland fylkeskommune ber om at laksetrappa og mest mogeleg av det teknisk-industrielle kulturmiljøet knytt til Hellandsfossen vert bevart, og følgt opp konstruktivt i konsesjonsvurderinga til NVE.
  4. Vestland fylkeskommune ber om at NVE legg til rette for vidare dialog mellom konsesjonshavar og kulturminnemynda for å få avklart kulturminneverdiane i konsesjonsområdet.
  5. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.
  6. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsveggar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøytast og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvaltning der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktiviteten til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.
  7. Administrasjonen søkjer NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.februar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022).
  8. Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022

## **PS 84/21 Tiltakspakke reiseliv 2022 - tildeling av midlar til destinasjonsselskapa**

Forslag til vedtak

1. Hovedutval næring vedtek følgande tildeling støtte til destinasjonsselskapa sitt arbeid i 2022:

Visit Bergen	1,45 mill. kr
Visit Fjordkysten	0,40 mill. kr
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	0,45 mill. kr
Visit Hardangerfjord	0,55 mill. kr
Visit Voss	0,50 mill. kr
Visit Sognefjord	0,70 mill. kr
Sunnfjord Utvikling	0,35 mill. kr
Visit Nordfjord	0,60 mill. kr

2. Midlane vert dekkja med avsette midlar til tiltakspakke reiseliv, avsett i hovudutvalssak 64/2021.

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovedutval næring vedtek følgande tildeling støtte til destinasjonsselskapa sitt arbeid i 2022:

Visit Bergen	1,45 mill. kr
Visit Fjordkysten	0,40 mill. kr
Samarbeidsrådet for Sunnhordland	0,45 mill. kr
Visit Hardangerfjord	0,55 mill. kr
Visit Voss	0,50 mill. kr
Visit Sognefjord	0,70 mill. kr
Sunnfjord Utvikling	0,35 mill. kr
Visit Nordfjord	0,60 mill. kr

2. Midlane vert dekkja med avsette midlar til tiltakspakke reiseliv, avsett i hovudutvalssak 64/2021.

## PS 85/21 Innsatsområde og økonomiske disponeringar

Forslag til vedtak

Innovasjon og næring har fleire prosjekt under arbeid, som vert finansiert av budsjettmidlar sett av på løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Det vert lagt opp til følgande bruk av desse midlane:

- 2 mill kr til delfinansiering av den forsterka marine innsatsen: berekraftig sjømat
- 1 mill kr til delfinansiering av vestlandsprosjektet for frukt, bær og grønt
- 1,5 mill kr til omstillingsinnsats i utvalde kommunar, jf fylkeskommunal finansiering i nasjonalt omstillingsprogram
- 0,5 mill kr til Blått kompetansesenter Vest

Midlane vert dekkja over innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Fylkesdirektøren får ut frå dette fullmakt til å gjennomføre dei disposisjonar som er nemnde.

## Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 10.12.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Innovasjon og næring har fleire prosjekt under arbeid, som vert finansiert av budsjettmidlar sett av på løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Det vert lagt opp til følgande bruk av desse midlane:

- 2 mill kr til delfinansiering av den forsterka marine innsatsen: berekraftig sjømat
- 1 mill kr til delfinansiering av vestlandsprosjektet for frukt, bær og grønt
- 1,5 mill kr til omstillingsinnsats i utvalde kommunar, jf fylkeskommunal finansiering i nasjonalt omstillingsprogram
- 0,5 mill kr til Blått kompetansesenter Vest

Midlane vert dekkja over innovasjon og næring sitt budsjett for 2021, løyvingsområde naturressursar, landbruk og reiseliv. Fylkesdirektøren får ut frå dette fullmakt til å gjennomføre dei disposisjonar som er nemnde.

## PS 86/21 Tilskot til prosjekt. Handlingsplan innovasjon og næring (HNV 2021). Runde 2 frist 15.oktober

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek medfinansiering av 21 utviklingsprosjekt med løyving inntil kr 14 852 948 (vedlegg 1).
2. Hovudutval for næring vedtek at 13 utviklingsprosjekt blir tilrådd avslag (vedlegg 2).
3. Hovudutval for næring vedtek at tilskota blir gitt med atterhald om at midlane kan tildelast i tråd med EØS-regelverket. Utfyllande føringar i tråd med regelverket vert gitt i tilskotsbrev.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek medfinansiering av 21 utviklingsprosjekt med løyving inntil kr 14 852 948 (vedlegg 1).
2. Hovudutval for næring vedtek at 13 utviklingsprosjekt blir tilrådd avslag (vedlegg 2).
3. Hovudutval for næring vedtek at tilskota blir gitt med atterhald om at midlane kan tildelast i tråd med EØS-regelverket. Utfyllande føringar i tråd med regelverket vert gitt i tilskotsbrev.

## PS 87/21 Høyring av forslag om etablering av ei ny ordning for tildeling av løyve til akvakultur med laksefisk til miljøteknologiformål

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune ønsker etablert ei ordning for tildeling av miljøteknologiløyve i sjø til akvakultur med laks og aure.
2. Vestland fylkeskommune meiner det er behov for ei ordning med løyve som gjev incentiv til innovasjon og teknologiutvikling.
3. Vestland fylkeskommune har forventningar til at dersom det kjem på plass løysingar som bidreg til eit havbruk som i mindre grad enn dagens oppdrett påverkar miljøet, vil det kunne bidra til auka produksjon, verdiskaping og sysselsetting.
4. Vestland fylkeskommune meiner at område med terskelfjordar og som i trafikklyssystemet har gult eller raudfarge må prioriterast ved tildeling av miljøteknologiløyve.
5. Vestland fylkeskommune tilrår at storleiken på vederlaget er tilpassa betalingsevna i innovasjonsmiljøa.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021

**Terje Søviknes (FrP)** Sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 2:

For å auka innovasjonsgraden bør ein stilla krav om at laksen skal stå i anlegg som tilfredstillar minste miljøkrav (null utslepp av egg og frittsymjande stadier av lakselus, samt minimum 60% oppsamling av slam) gjennom heile livssyklusen i sjø/fram til slakting.»

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønsker etablert ei ordning for tildeling av miljøteknologiløyve i sjø til akvakultur med laks og aure.

2. Vestland fylkeskommune meiner det er behov for ei ordning med løyve som gjev incentiv til innovasjon og teknologiutvikling. For å auka innovasjonsgraden bør ein stilla krav om at laksen skal stå i anlegg som tilfredstiller minste miljøkrav (null utslepp av egg og frittsymjande stadier av lakselus, samt minimum 60% oppsamling av slam) gjennom heile livssyklusen i sjø/fram til slakting.

3. Vestland fylkeskommune har forventningar til at dersom det kjem på plass løysingar som bidreg til eit havbruk som i mindre grad enn dagens oppdrett påverkar miljøet, vil det kunne bidra til auka produksjon, verdiskaping og sysselsetting.

4. Vestland fylkeskommune meiner at område med terskelfjordar og som i trafikklyssystemet har gult eller raudfarge må prioriterast ved tildeling av miljøteknologiløyve. 5. Vestland fylkeskommune tilrår at storleiken på vederlaget er tilpassa betalingsevna i innovasjonsmiljøa.

## **PS 88/21 Strategi for handtering av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda**

Forslag til vedtak

Hovudutval for næring tek saka til vitande.

**Saksprotokoll i hovudutval for næring - 10.12.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutval for næring tek saka til vitande.